



Meland kommune

Tilleggsinnkalling
til
Ungdomsrådet

Møtedato: 07.01.2016
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 14:30 - 17:00

Eventuelle forfall må meldast til Eirik Bouwer Utne per tlf. 56171059, sms til eller per epost til eirik.utne@meland.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
08/2016	Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom

3. mars 2016

møteleiar

Eirik Bouwer Utne
sekretær

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Nina Randal	FE - 233	15/2802

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
08/2016	Ungdomsrådet	PS	07.01.2016

Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I oktober lyste Barne, ungdoms og familiedepartementet ut midlar mot barnefattigdom. Formålet med midlane er å motvirke/dempe konsekvensane av fattigdom blant barn og unge og at fleire barn og unge skal få delta på viktige sosiale arenaer, som ferie, og fritidsaktivitetar. Tiltaka skal bidra til eit meir inkluderande fritidsmiljø.

For at frivillige organisasjonar og tenester i kommunen skulle kunne søkje på midlane – måtte kommunen opprette ein knutepunktfunksjon. Denne funksjonen blei i Meland lagt til tenestekområdet kultur, Frivilligsentralen. Det betyr at dagleg leiar på sentralen blir kontaktperson for alle som søker og dei ulike tenestene i kommunen. Det er også oppretta ei knutepunktgruppe. I denne gruppa sit representantar frå Kultur, NAV, Psykisk helse, Barnevern, PPT og helsestasjonen. Knutepunktgruppa sitt mandat er blant anna å vurdere søknadane og setje opp ei prioriterings liste. Prioriteringslista skal behandlast i Utval for levkår i møte 19.januar.

Vurdering

Det er komme inn 6 søknader frå Meland.

Knutepunktgruppa har i møte 6.januar 2016 sett opp ei prioriterings liste med begrunning til ULK.

1. Sommaraktivitetar for barn – Meland Frivilligsentral. Sommaraktivitetar for barn føregår over ei veke. Ulike organisasjonar saman med Frivilligsentralen står for ulike aktivitetar som t.d. Rognappen, golf, lage tau etc. Tiltaket rettar seg spesielt mot barn som opplever barnefattigdom og flyktningbarn. Tilbodet går ut til alle på barnetrinnet i grunnskulen. Det er då høve for ei påmelding opp til 50% av plassane for dei som tiltaket rettar seg spesielt mot. Ved utgang av påmeldingsfristen vil barn frå denne gruppa ha ein fortrinnsrett.

Vurdering: Ein har positive erfaringar med tiltaket frå før. Det er eit lavterskeltilbod. Aktivitetane skjer i nærmiljøet og er gratis. Ein ønskjer å vurdere om tilbodet kan utvidast til andre feriar.

2. Film for alle – Undomslaget Framsteg. Vil gje barn og ungdom mulighet til å gå på gratis kino.

Tiltaket vil også gje ungdom som fell utafor typiske fritidsaktiviteter oppgaver dei kan meistre og delta på. Barn og ungdom får vera med å velge kva filmar som skal visast. I tillegg til voksne, er det også barn og ungdom som hjelper til med å gjennomføre

arrangementet. Dei set opp utstyr, står i kiosken og gjennomfører andre praktiske gjeremål. Alle som vil får vera med.

Vurdering: Ungdomslaget har erfaring med aktiviteten, utstyr, filmlisens og lokale. Ungdomshuset ligg på Rossland, nord i kommunen, der det er lite aktivitetstilbod til ungdom utanom idretten. Både sommaraktivitetar for barn og film for alle legg vekt på inkludering, og legg til rette for sosiale møtepunkt for alle barn/ungdom.

3. Kultur på kort – Meland Frivilligsentral. Kulturkort/inngangsbilletter til ulike sosiale arenaer. Tiltaket vil gje inngangskort/billetter til ulike kulturtilbud som kan benyttast av barnefamiliar og ungdom som ellers ikkje har mulighet til å delta. Dette er spesielt viktig inn mot fridagar og høgtider for å gje konkrete opplevelser som kan vera samlande og gje eit aktivitetstilbod på dager som elles ikke har organisert aktivitet.

Vurdering: Dette er eit konkret tilbod der mottakaren får billetter i staden for pengar som kan brukast på andre ting. Tiltaket fangar opp barn i alle aldrar og familiar, og gjev felles opplevelsar for familien.

4. Jevnleg Filmframvisning (kino) for barn ved barneskulen og barn ved ungdomsskulen. Ein ettermiddag for barneskuleelever. Ein ettermiddag/kveld for ungdomsskuleelever.

Ungdomslaget Solglytt. Vurdering: Gruppa har allereie valgt eit tilsvarande tiltak i eit område som ligg lengre vekk frå liknande tilbod. Ein ser det som positivt at Ungdomslaget har søkt, og oppfordrar dei til å søke neste år.

5. Ferie for alle – Frivilligsentralen i Meland. Å gje familier innafor tiltakets målgruppe ei ferieoppleving som ikkje gjev prioriteringsvansker i forhold til økonomi. Det kan til dømes leigast hytte på Kvamskogen i 10 dagar. Familiar kan låne hytta i opp til 3 dagar i vinterferie/påske, og få dagskort i nærmeste skianlegg.

Vurdering: I motsetning til Røde Kors sitt tilbod – Ferie for alle – er dette tilbodet berre retta mot enkeltfamiliar, og passar ikkje alle typar familiar.

6. Bursdag for alle – Meland Frivilligsentral. Å sikre at alle barn i barnehage og barneskule har mulighet til å delta på bursdagsselskap til barn i same klasse/gruppe, uavhengig av familieøkonomi. Dette ved å etablere ein bursdagsskisse med gaver som lærarar og SFO-ansatte kan hente ut gaver frå til barnas føresatte ved behov.

Konklusjon

Prioriteringa av søknader til Nasjonal tilskuddsordning mot barnefattigdom ligg føre og ein ønskjer innspel frå Ungdomsrådet.

Framlegg til vedtak:

Ungdomsrådet gjev vedtak på innstilling på møtet.

